

No er det mogleg å velje - å få skoleskyssbilletten på mobilen!

Gjelder for vidaregåande- og ungdomsskolar frå og med skoleåret 2023/2024.

Skyss har stort fokus på å forenkle og forbetre våre tenester best mogleg, og sikre ei berekraftig og brukarvennleg løysing for skoleskyss i Vestland. Som eit ledd i dette lanserer vi no ei brukarvennleg og digital løysing for elevar i ungdoms- og vidaregåande skolar, med moglegheit for billett på mobil. Dette veit vi mange av dykk har venta på.

Frå og med skolestart i august 2023 kan elevar med rett til fri skoleskyss ved ungdoms- og vidaregåande skoler i Vestland velje å få skoleskyssbilletten sin i Skyss Billett-appen. Løysinga er valfri og elevar som ønsker det, kan fortsette med dagens løysing med kort.

Valet om skoleskyssbillett på mobil skal bidra til;

- Ein enklare kvardag for elevane
- Mindre administrasjon for skolane
- Ei meir berekraftig og brukarvennleg løysing

Kva må du som elev gjere for å ta i bruk løysinga?

Elevar som berre treng buss og bur utanfor ungdomsbillettområdet, kan søke om skoleskyss sjølv via sjølvbetjeningsportalen på www.skuleskyss.vlfk.no og logge inn som ELEV.

Skolen må søke for elevar som bur innanfor ungdomsbillettområdet (over 21 år og for gammal til å kjøpe ungdomsbillett), medisinske søknader, eller elevar som manglar kollektivtilbod.

Elevar kan sjølv sjekke om dei bur innanfor / utanfor ungdomsbillettområdet her: <https://skuleskyss.vlfk.no/kart>

1. Kryss av for at du ønsker å få billetten på mobil i søknaden om skoleskyss og oppgje telefonnummeret ditt. Kryss også av om du treng å nytte tog eller båt
2. Sørg for å ha lasta ned Skyss Billett-appen på telefonen din
3. Ver logga inn i appen med same telefonnummer som du oppgjer i søknaden
4. Når du har registrert at du ønsker skoleskyssbillett på mobil og søknaden er godkjent, vil billetten dukke opp under "mine billetter" i appen på alle skoledagar
5. Reis som vanleg til og frå skolen, og vis fram skoleskyssbilletten på mobilen ved behov. Sørg for å ha nok straum og mobildata på telefonen, men i dei tilfella det likevel skulle vere tomt, vil vektarane kunne søke opp billetten ved hjelp av telefonnummeret ditt.

Har du allereie søkt skoleskyss, men ønsker billetten på mobil? Då kan du enkelt sende inn søknaden på nytt og velgje å få skoleskyssbilletten på mobil.

Kva må skolen gjere for å tilby elevane skoleskyssbillett på mobil?

Informasjon og brukarretteleiing for skolene: <https://www.skyss.no/reise/skoleskyss/ny-side/>

Korleis vil det sjå ut på telefonen din?



Det vert sendt ut to billetter kvar dag. Éin frå heim til skole / praksisplass som kan nyttas i tidsrommet frå kl.06:00-12:00 og éin frå skole / praksisplass til heim som kan nyttas i tidsrommet kl.12:00-22:00.

Billetten viser

- Billettens gyldigheit

- Namn på skolen din
- Ditt fulle namn
- Strekningen billetten er gyldig på
- Transportmidlar du kan nytte
- Informasjon om reiseretten din

Vi håper dette blir opplevd som ei positiv og brukarvennleg løysing. Ved spørsmål ta kontakt med oss på skoleskyss@skyss.no.

Tel. Skoleskyss : 55 55 90 70 #2